

BOKN KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: **onsdag 4. mai 2022**
Tid: **kl. 18.00**
Sted: **Bokn Arena, møterom Boknahåve 2.etg.**

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50 eller
tlf 95 98 69 79 /sms/ e-post: *post@kontrollutvalgene.no*

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli kalla inn særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg - jf. off.l.*, blir berre sendt internt. Sakskart vil lagt ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saksliste:

9/22 Godkjenning av protokoll frå møtet 09.02.22

10/22 Orientering om Bokn Tomteselskap AS v/styreleiar

11/22| Plan for orienteringar i 2022 og 2023

12/22 Om kommunen sitt tilbod knytt til arbeidsmarkedstiltak

13/22 Uttale til årsrekkeskap og årsmelding 2021 - Bokn kommune

14/22 Forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga 2021

15/22 Referat- og orienteringssaker 04.05.22

Eventuelt

Aksdal, 27.04.22

Anne Løvereide Faye (sign.)
utvalsleiar

Toril Hallsjø (sign.)
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Kommunedirektør (kalla inn i sak 12)
Varamedlemmer (til orientering)
Presse/publikum

SAKSGANG		
Utvæl	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	04.05.22	9/22

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 09.02.22

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Protokoll fra møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 09.05.22 blir godkjent slik han ligg føre.

Vedlegg: Protokoll fra møtet 09.02.22

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 09.02.22 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av nestleiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje kommet merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og nyvald utvalsleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 26.04.22

Toril Hallsjø
Utvælsssekretær

BOKN KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

PROTOKOLL

Onsdag **9. februar 2022** blei det halde møte i Bokn kontroll- og kvalitetsutval under leiing av nestleiar Anne Løvereide Faye.

MØTESTAD:

Bokn Arena, møterom Kongshamn, 1. etg.

MØTESTART/-SLUTT:

kl. 18.00 – kl. 20.15

MØTANDE MEDLEMMER:

Anne Løvereide Faye (Ap), Kim Erik Larsen (H) og Hans Jørgen Ognøy (KrF)

MØTANDE VARAMEDLEM:

Fredrik Sunde Olaussen (H) og Daghild G. Alvestad (Sp)

FORFALL:

Lars Øyvind Alvestad (Ap) og Catharina Øvrebø (Sp)

FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:

Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

FRÅ ROGALAND REVISJON IKS:

Oppdragsansvarleg revisor Tore Kristensen

ANDRE SOM MØTTE:

Kommunedirektør Ingeborg Skjølingstad
Kultursjef Jardar Havikbotn og biblioteksjef
Thea E. Mikkelsen i sak 2/22 til kl.19.15

MERKNADER TIL INNKALLING:

Utvalet var ikkje nøgd med at reservasjonen av møterom Boknahåve i 2. etg. var tatt over av ordførar til hans møte med grunneigarar.

MERKNADER TIL SAKSLISTE:

Ognøy og Alvestad varsla sak under Ymse.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 1/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 17.11.21

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 17.11.21 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet

Utvalet hadde ingen merknader til innhald. Nestleiar ønskte tatt med at protokollane var svært gode og opplysande.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.02.22:

Protokoll frå møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 17.11.21 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 2/22 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – OMRÅDE KULTUR

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tek gjennomgangen frå kultursjef Havikbotn og biblioteksjef Mikkelsen om område kultur til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.02.22:

Kultursjef Jardar Havikbotn orienterte om årsverk knytte til kultur: kultursjef/info 100 %, biblioteksjef 89 %, kulturskulerektor 40 % og kulturskulelærar 25 %. Målet var å skape eit rikt kulturliv for alle boknarar, innan dei midlar som var sett av.

Tenestene er delt opp i 12 område, der dei ulike tenestene blei nøyne omtalt: aktivitetstilbod for barn og unge, drift av Bokn Arena og Kyrkjebymiljø aktivitetshus, kontakt mot frivillige lag og organisasjonar, velforeiningar, Friluftsrådet Vest om Telltur og strandrydding m.m. Sidan 2017 var det samla inn 20 tonn plast. Dei hadde ansvar for å gje eit godt kinotilbod (bygdekino sidan 2003), for kulturminnevern (plan frå 2020), for museumsdrift, der Bokn bygdemuseum er ein del av regionmuseet Haugalandmuseet AS og samarbeidet med Bokn historielag. Dei merka bortfall av barne- og ungdomsarbeider-stillinga som blei tatt bort frå 2017.

Innan idrett har dei kontakt med BIL (50 årsjubileum i år), sykkelklubben, ride- og køyre-klubben og seniordansen. Han presenterte det nye bookingsystemet for utleige av kommunale lokale, der det vil vere ein open aktivitetsplan via den digitale plattforma. Utvalet meinte dette såg bra ut, men peika på at det var uheldig at mykje inntekter var tapt dei siste fem åra med bakgrunn i val av dugnad som driftsform av hall og møterom.

Biblioteksjef Thea Mikkelsen opplyste at ho no hadde vore eit år i stillinga og at pandemien hadde sett sitt preg, med stengde lokale. Målet var eit meir levande bibliotek, å vere ein møteplass, ein stad for arrangement og aktivitet. Ho jobba no med ein bibliotekplan for åra 2022-2026. Ho hadde fått støtte til nye tiltak som leseservice, lesestundar utandørs og ei litterærgruppe «Share Reading». Innkjøp av tenesta «Meirope» ville gjere at biblioteket kunne vere døgnopent utanom ho var til stades.

Skulebiblioteket var hennar hjartesak då ho hadde si utdanning der. Ho hadde sett inn tiltak for tettare samarbeid med skulen, mellom anna var det faste bibliotektimar. Vidare hadde dei samarbeid med høgskulen HVL om «DeKomp» som kort vil seie lesing inn i alle fag. Utvalet uttrykte ønske om meir oppdaterte lydbøker, meir opent i feriar og laurdagar. Det kom innspel om å koble aktivitetskort og lån av lydbøker som administrasjonen ville vurdere nærmare.

Kultursjef omtala så musikk- og kulturskulen og andre faste kulturaktivitetar i løpet av året. Han opplyste at han også hadde oppgåver innan informasjon som nettredaktør. På Facebook-sida til kommunen var det no 1743 følgjarar (meir enn dobbelt av innbyggjartalet) og han hadde ikkje hatt problem knytte til ope kommentarfelt. Det var alltid ønske om meir kulturtildelning, men Bokn var ein liten kommune og lite budsjett.

Nestleiar takka for ei veldig god orientering.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.02.22:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tek gjennomgangen frå kultursjef Havikbotn og biblioteksjef Mikkelsen om område kultur til orientering.

SAK 3/22 OPPFØLGING AV REVISOR SINE MERKNADER TIL ÅRSREKNESKAP FOR 2020

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar kommunedirektøren sin tilbakemelding på oppfølging av revisor sine merknader til årsrekneskapen 2020 i nummerert brev nr. 10 til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.02.22:

Kommunedirektøren viste til den skriftlege tilbakemeldinga som var vedlagt saka. Utvalet meinte det var ei grei tilbakemelding. Utvalet peika på at det hadde vore fleire sprik/avvik knytte til store investeringsprosjekt dei siste åra. Frå utvalet blei sett fram ønskje om ein orientering om korleis det gjekk med skulebygginga. Kommunedirektør viste til at formannskapet blei heldt løypande orientert, men at det ikkje var noko i vegen for at også utvalet fekk ei orientering.

Utvalet viste til at det ikkje var sett opp tema for orienteringar til hausten og blei samd om at dei ønskte å invitere byggeleiari til møtet i september.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.02.22:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar kommunedirektøren sin tilbakemelding på oppfølging av revisor sine merknader til årsrekneskapen 2020 i nummerert brev nr. 10 til orientering.

Bokn kontroll- og kvalitetsutval ønsker ei orientering om framdrift og økonomi knytte til den nye Bokn skule til møtet 7. september.

SAK 4/22 TINGING AV FORVALTNINGSREVISJON – PROSJEKTMANDAT «BOKN ARENA»

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval tingar forvaltningsrevisjonsprosjektet «Bokn Arena» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre frå Rogaland Revisjon IKS.

Ramma vert sett til 120 timer.

Utvalet har ønskje om at rapporten blir klår før september 2022.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.02.22:

Nestleiar innleia. Ho peika på at kommunestyret i desember også hadde tatt opp Bokn Arena som tema og bede om at vedtekten blei revidert. Kommunen viste no at dei vil ta meir over drifta, og nytt digitalt reservasjonssystem blei helst velkommen. Medlemmene drøfta prosjektmandatet. Utvalet framheva at revisjonen var ikkje valt for å «ta nokon», men for å hjelpe og kvalitetsikre drifta.

Utvalet var samd om at det var rett med bruk av revisjon. Utvalet slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.02.22:

Bokn kontrollutval tingar forvaltningsrevisjonsprosjektet «Bokn Arena» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre fram Rogaland Revisjon IKS.

Ramma vert sett til 120 timer.

Utvalet har ønskje om at rapporten blir klår før september 2022.

SAK 5/22 REVISOR SINE RISIKO- OG VESENTLEGVURDERINGER – FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL 2021**Sekretariatet si innstilling:**

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar revisor sine risiko- og vesentlegvurderinger for revisjonsåret 2021 til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.02.22:

Oppdragsansvarleg revisor Tore Kristensen orienterte og viste ein presentasjon. Han gjorde greie for bakgrunn og lovgrunnlag for denne kontrollen. Vidare viste han døme på aktuelle område for ein etterlevingskontroll. Revisor meinte at utifra deira vurderingar var offentlege anskaffingar det mest aktuelle område i år.

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.02.22:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar revisor sine risiko- og vesentlegvurderinger for revisjonsåret 2021 til orientering.

SAK 6/22 ÅRSPLAN FOR 2022**Sekretariatet si innstilling:**

Bokn kontroll- og kvalitetsutval godkjenner årsplan for 2022 (med evt. endringar/tillegg).

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.02.22:

Sekretær innleia. Utvalet slutta seg til framlegget slik det var lagt fram, men med det tillegg knytte til vedtaket i sak 3/22 om orientering frå byggeleiari om framdrift og økonomi for ny skule i møtet i september.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.02.22:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval godkjenner årsplan for 2022 med tillegg under pkt. 4.2 om orientering 7. september.

SAK 7/22 KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET- ÅRSMELDING 2021**Sekretariatet si innstilling:**

Bokn kontroll- og kvalitetsutval godkjenner årsmelding for 2021 (med evt. endringar/tillegg). Bokn kommunestyre tek kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding 2021 til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.02.22:

Nestleiar innleia og meinte sekretær hadde gjort ein glimarande jobb. Utvalet hadde ingen merknader og sluttar seg til innhaldet slik det var lagt fram.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.02.22:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval godkjenner årsmelding for 2021.

og innstilling til kommunestyret:

Bokn kommunestyre tek kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding 2021 til orientering.

SAK 8/22 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 09.02.22

1. Statusrapport pr. februar 2022
2. Komm.styreveidtak 14.12.21, sak 58/21 Budsjett 2022 og økonomiplan 2023-2025 (IM)
3. Rekneskap 2021 og budsjett 2022– ansvar 1010 – kontroll og revisjon – funksjon 1100
4. Tertiarrapport pr. 31.12.21 frå Rogaland Revisjon IKS
5. Protokoll frå representantskapsmøtet i HIM IKS 02.12.20
6. Protokoll frå representantskapsmøtet i Haugaland Vekst IKS 10.12.21
7. Oppsummering og deltakarliste frå konferansen i Sandnes 02.12.21 v/sekretær
8. Statsforvaltaren i Rogaland - Informasjon om statlige tilsyn med kommunane i 2022
9. Rogaland fylkeskommune v/kontrollsjef – forvaltn.rev.rapport «Haugalandspakken»
10. Hgsds Avis om fylkestingsbehandling av rapport i møtet 14.12.21, sak 131/21
11. Fylkestingets behandling og vedtak 14.12.21, sak 131/21
12. Forvaltningsrevisjonsrapport «Haugalandspakken» (eige vedlegg – 100 s. - sendt ut i desember 2021 til medlemmene)
13. E-post 27.01.22 frå utvalsleiar om forfall og at han søker fritak frå politiske verv ut valperioden

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.02.22:

Sekretær gjorde greie for status og saker. Utvalet hadde ingen merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.02.22:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene nr 1-13/22 til orientering.

EVENTUELTTTransportordninga for VTA- og KTA-brukarar

Ognøy viste til nyleg oppslag i media om brukar med kommunal plass ved Solstein AS og kor no tidlegare transporttilbod gjennom kommunen er tatt bort og alternativ løysning om lån av bil til mor ikkje fungerte.

Kommunedirektør viste til at transport ikkje er eit lovpålagt tenestetilbod. Kommunen plikter å gje dei som bur og oppheld seg i kommunen forsvarlege tenester og ein plikt til å sørge for at tenestene blir fordelt på ein rettferdig måte til alle innbyggjarane i kommunen som har trong for hjelp. Samstundes skal kommunen drive innafor dei økonomiske rammene som er tildelt, og sikre at tenestene i størst mogleg grad blir fordelt økonomisk rettferdig.

Ved slike avgjelder, som er vanskelege, må ulike tilbod evaluerast og eventuelt sjå på alternative løysingar for den det gjeld.

Utvalet ønskete på generelt grunnlag å få ei skriftleg tilbakemelding til neste møte i mai om kommunen sitt tilbod knytte til arbeidsmarkedstiltak retta mot personer som mottar uføretrygd og som har trøng for spesiell og tilrettelagt oppfølging.

Innspel om tema for forvaltningsrevisjon

Varamedlem Alvestad ville høve til å komme med innspel til tema forvaltningsrevisjon rundt oppfølging av politiske vedtak og forsvarleg sakshandsaming innan vedtak om barn og unge Etter hennar syn var det ulikt syn i administrasjonen og blant innbyggjarar som hadde skapt mistillit. Kommunedirektør gjorde klårt at det er ho som frontar administrasjonen. Revisor viste til at andre kommunar har hatt forvaltningsrevisjon om oppfølging av vedtak.

Neste møte

Etter møteplan er dato sett til onsdag **4. mai** kl. 18.00.

Saker: Orientering om Bokn Tomteselskap AS, kommunen sin årsrekneskap og årsmelding 2021 og forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltinga 2021.

Bokn, 9. februar 2022

Anne Løvereide Faye
Nestleiar (sign.)

Toril Hallsjø
utvalssekretær (sign.)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	04.05.22	10/22

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

ORIENTERING OM KOMMUNALE SELSKAP – BOKN TOMTESELSKAP AS

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tek gjennomgangen frå styreleiar Lars Sigmund Alvestad om Bokn Tomteselskap AS til orientering.

Saksorientering

Utalet vedtok i møtet 17.02.21, sak 2/21 følgjande:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval vedtek følgjande plan for orienteringar frå administrasjonen eller kommunale selskap:

møtet 26.05.21	Rektor v/Bokn skule (utsett)
møtet 08.09.21	Teknisk sjef
møtet 17.11.21	Rektor v/Bokn skule
1. møte 2022	Område kultur
2. møte 2022	Bokn Tomteselskap AS

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål. Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Planen/invitasjonen blei oversendt selskapet i 2021. Sekretariatet har i mars hatt kontakt med selskapet og dagleg leiar Jan Erik Nygaard skulle ta kontakt med styreleiar om han kunne stille til maimøtet. Selv var han forhindret fra å møte pga reise.

Orienteringene er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjent med selskapet si drift og dei utfordringane selskapet har.

Det er fastsett tidsramme med 30-40 minutt inklusiv spørsmål, men det er mogleg for utvalet å utvide denne, dersom det er ønskeleg, men utvalet har også andre saker på sakskartet som det må takast omsyn til.

Frå www.purehelp.no ligg føre følgjande opplysninger om selskapet:

Org. nr	919 0772 164
Firmanavn:	Bokn Tomteselskap AS
Selskapsform:	AS
Stifta:	01.06.17
Bransje:	Selskapets formål er Utvikling og sal av areal for bustadbygging og næring samt anna som naturleg hører til dette. Selskapet si verksemd skal skje innanfor Bokn kommune sine kommunegrenser slik dei er i 2016. Overskott i selskapet skal i størst mulig grad nyttast til utvikling av nye tomte- og bustadprosjekt.

Eigardel:	Bokn kommune	47,61 %
Andre eigarar:	Berge Sag Gruppen AS Bokn Eiendomsutvikling AS Askeland Eiendomsutvikling AS Nibe AS Mæland Bygg AS Odd Magne Grønnestad	9,52 %, 9,52 % 9,52 % 9,52 % 9,52 % 4,76 %
Aksjekapital:	2.100.000	

Sist innlevert rekneskap i **2020** viser ei omsetnad på kr 0.

Driftsresultatet blei på kr **-34 000**, og kor ein eigenkapital viser kr 1 894 000 og ein gjeld på kr 2 207 000.

Adm. dir.	Jan Erik Nygaard
Styreleiar:	Lars Sigmund Alvestad
Styremedlemmer:	Helge Rasmussen, Jan Magne Mæland, Olav Askeland og Tormod Våga Vara: Ann J. Sunde, Eirik Nedrebø og Odd M. Grønnestad

Det er ikkje registrert noko nettsted for selskapet.

Sekretariatets kommentarer

Sekretariatet har gjort avtale med styreleiar Lars Sigmund Alvestad og han stiller. Det er sagt at temaet er å orientere om selskapet og kva utfordringar/planar som selskapet står over for no og i åra framover.

Det er greit dersom nokon av utvalsmedlemmene skulle spørsmål i forkant, om dei varslar om det via sekretariatet før møtet.

Aksdal, 27.04.22

Toril Hallsjø (sign.)
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	04.05.22	11/22

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø		216

PLAN FOR ORIENTERINGAR 2022-23

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval vedtek følgjande plan for orienteringar frå administrasjonen og/eller kommunale selskap:

møtet 07.09.22

møtet 23.11.22

1. møte 2023

2. møte 2023 osv.

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Saksorientering

Kontroll- og kvalitetsutvalet vedtok sist plan for orienteringar i møtet 17.02.21, sak 2/21:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval vedtek følgjande plan for orienteringar frå administrasjonen eller kommunale selskap:

møtet 26.05.21 Rektor v/Bokn skule (utsett)

møtet 08.09.21 Teknisk sjef (08.09.21, sak 15/21)

møtet 17.11.21 Rektor v/Bokn skule (17.11.21, sak 22/21)

1. møte 2022 Område kultur (09.02.22, sak 2/22)

2. møte 2022 Bokn Tomteselskap AS (04.05.22, sak 10/22)

Utalet virkar å ha vore nøgd med å bli orientert om drifta av kommunen og kva som skjer innan resultatområda og støtte/stabsfunsjonane. Planen er blitt følgt opp ved at leiarar har møtt til kontrollutvalsmøta, der dei på generell basis har gjort greie for sitt arbeidsområde ved å orientere om drifta, rammevilkår ein arbeider under m.m.

Sekretariatet vil gjere framlegg om at orienteringane fortsett i 2022 og i 2023, for på den måten å gjere uttalet betre kjent med kommunen eller kommunale selskap sin drift og utfordringar.

Kommunedirektøren er øvste leiar og den personen i administrasjonen som kontrollutvalet skal halde seg til. Invitasjonen går difor via kommunedirektøren, som tar stilling til om vedkommande leiar for det aktuelle arbeidsområdet møter for å orientere på hennar vegne. Etter reglementet kan tilsette også bli innkalla for å orientere om ei sak eller gje opplysningar i konkrete tilfelle. Kommunesdirektøren skal då vere orientert om det.

Det kan vidare vere aktuelt å få orienteringar om kommunale selskap eller selskap der kommunen har eigarinteresser i. Nytt etter kommunelova § 23-6 siste ledd er at kontrollutvalet er også gjeven innsynsrett og rett til å gjere undersøkingar på tilsvarande måte overfor andre verksemder som utfører oppgåver på vegne av kommunen. Innsynet og undersøkingane kan berre omfatte det som er naudsynt for å undersøke om kontrakten er oppfylt.

Her er dei interkommunale selskapa og aksjeselskapa som kontrollutvalet har innsynsrett i etter kommuneloven § 23-6, første ledd:

Haugaland Vekst IKS	9,09 %
Karmsund Havn IKS	3,85 %
Haugaland Næringspark AS	2,10 %
Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS (HIM)	1,70 %
Haugaland Brann og Redning IKS	0,76 %
Haugaland Kontrollutvalgssekretariat (HKS) IKS	0,75 %
Krisesenter Vest IKS	0,49 %
Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS	0,20 %
Friluftsrådet Vest	
Rogaland Revisjon IKS	0,17 %

Bokn kommune har også eigardelar i fleire aksjeselskap, som er eigd av andre eigarar enn kommunar, fylkeskommunar og interkommunale selskap:

Bokn Tomteselskap AS	47,61 %
Haugaland Museet AS	3,00 %
Musikkenskapet Nordvegen AS	2,67 %
Destinasjon Haugesund & Haugalandet	0,10 %
E134 Haukelivegen AS	0,00 %
Biblioteksentralen SA	,03 %

Utalet blir no bedt om å ta stilling kven dei ønskjer å be om å komme på neste møte i september og november og neste år. Det vil kunne bli endringar dersom foreslått tidspunkt ikkje skulle passe for den som er invitert.

Utalet kan også sette om kor lang tid den inviterte skal få til rådighet med eller utan spørsmål. Sist vedtak ble det sett 30-40 minutt inklusiv spørsmål. Dette har blitt stort sett halden, men har også bli utvida av uttalet der det har vore ønskeleg.

Det er også greitt dersom nokon av utvalsmedlemmene har innspel eller spesielle ønskjer om emne og spørsmål at dei blir varsle via sekretariatet i forkant av orienteringane.

Aksdal, 27.04.22

Toril Hallsjø (sign.)

Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	04.05.22	12/22

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø		216

OM KOMMUNEN SITT TILBOD KNYTT TIL ARBEIDSMARKEDS-TILBOD

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tek kommunedirektøren si tilbakemelding om kommunen sitt tilbod om arbeidsmarkedstilbod til orientering.

Vedlegg: Kommunedirektøren sitt brev av 06.04.22

Saksorientering

Utalet vedtok i møtet 17.02.21 under Eventuelt følgjande:

EVENTUELTT

Transportordninga for VTA- og KTA-brukarar

Ognøy viste til nyleg oppslag i media om brukar med communal plass ved Solstein AS og kor no tidlegare transporttilbod gjennom kommunen er tatt bort og alternativ løysning om lån av bil til mor ikkje fungerte.

Kommunedirektør viste til at transport ikkje er eit lovpålagt tenestetilbod. Kommunen plikter å gje dei som bur og oppheld seg i kommunen forsvarlege tenester og ein plikt til å sørge for at tenestene blir fordelt på ein rettferdig måte til alle innbyggjarane i kommunen som har trong for hjelp. Samstundes skal kommunen drive innafor dei økonomiske rammene som er tildelt, og sikre at tenestene i størst mogleg grad blir fordelt økonomisk rettferdig.

Ved slike avgjerder, som er vanskelege, må ulike tilbod evaluerast og eventuelt sjå på alternative løysingar for den det gjeld.

Utalet ønskte på generelt grunnlag å få ei skriftleg tilbakemelding til neste møte i mai om kommunen sitt tilbod knytte til arbeidsmarkedstiltak retta mot personer som mottar uføretrygd og som har trong for spesiell og tilrettelagt oppfølging.

Kommunedirektøren sin tilbakemelding

Kommunesdirektøren har 06.04.22 sendt følgjande tilbakemelding:

Viser til bestilling frå Kontroll - og kvalitetsutvalet i Bokn 9.februar 2022:

Utvalet ønskete på generelt grunnlag å få ei skrift/eg tilbakemelding til neste møte i mai om kommunen sitt tilbod knytte til arbeidsmarkedstiltak retta mot personar som mottar uføretrygd og som har trang for spesiell og tilrettelagt oppfølging.

Bokn kommune har frå 2019 samarbeidsavtale med Solstein om inntil 3 KTA (kommunalt tilrettelagt aktivitet) plassar) og frå 2020 i tillegg 1 VTA (varig tilrettelagt arbeidsplass) plass.

I tillegg har kommunen avtale om kjøp av inntil 1 VTA plass på Uni-K

Til saman har kommunen avtale om kjøp av 3 KTA og 2 VTA plasser, fordelt på Solstein og Uni-K.

Kommunen har ikkje venteliste. Kommunen er i prosess med å få godkjent kjøkkenet som lærebodrift, slik at kommunen kan ta imot lærekandidat frå hausten 2022. Dersom ein får dette til, så er der ikkje venteplass på VTA/KTA.

Aksdal, 27.04.22

Toril Hallsjø (sign.)

Utvalsekretær



Toril Hallsjø
Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS

Dato: 06.04.2022
Dokumentnummer: 22/756-2
Deres referanse:
Saksbehandler: Ingeborg Skjølingstad

Tilbakemelding kontroll - og kvalitetsutvalet kommunen sitt tilbod knytt til arbeidsmarkedstiltak

Viser til bestilling fra Kontroll – og kvalitetsutvalet i Bokn 9.februar 2022:

Utvalet ønskte på generelt grunnlag å få ei skriftleg tilbakemelding til neste møte i mai om kommunen sitt tilbod knytte til arbeidsmarkedstiltak retta mot personar som mottar uføretrygd og som har trøng for spesiell og tilrettelagt oppfølging.

Bokn kommune har frå 2019 samarbeidsavtale med Solstein om inntil 3 KTA (kommunalt tilrettelagt aktivitet) plassar) og frå 2020 i tillegg 1 VTA (varig tilrettelagt arbeidsplass) plass .

I tillegg har kommunen avtale om kjøp av inntil 1 VTA plass på Uni-K

Til saman har kommunen avtale om kjøp av 3 KTA og 2 VTA plasser, fordelt på Solstein og Uni-K.

Kommunen har ikkje venteliste. Kommunen er i prosess med å få godkjent kjøkkenet som lærebedrift, slik at kommunen kan ta imot lærekandidat frå hausten 2022. Dersom ein får dette til, så er der ikkje ventepllass på VTA/KTA.

Med hilsen

Ingeborg Skjølingstad
Kommunedirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	04.05.22	13/22
Formannskapet	07.06.22	
Kommunestyret	14.06.22	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø		212

UTTALE TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2021 – BOKN KOMMUNE

Sekretariatet sitt framlegg til innstilling:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval vedtek uttale til Bokn kommune sitt årsrekneskap 2021 slik den ligg føre / med desse endringane/tillegga.

Kontrollutvalet tilrår at Bokn kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2021.

Kontroll- og kvalitetsutvalet vil be rådmannen igjen merke seg kommunelova sine fristar og at rekneskap og årsmelding neste år vert avlevert til revisor innan lovpålagt frist.

Vedlegg:

1. Framlegg til uttale til årsrekneskap og årsmelding for 2021
2. Revisjonsmelding for 2021 fra Rogaland Revisjon IKS v/revisor Tore Kristensen
3. Årsoppgjørsnotat 2021 – dagsett 29.04.22
4. Årsmelding og årsrekneskap 2021 – eige vedlegg

Innleiing

Sekretariatet vil vise til vedlagte dokument. Heile rekneskapen med notar og årsrapport for 2020 ligg også på kommunen si nettside. Forutan revisor, vil også kommunedirektøren delta under handsaminga av saka.

Bakgrunn

Kontrollutvalet har ansvar for at det blir ført kontroll med økonomiforvaltninga til kommunen. Det vil seie å sjå til at den er i samsvar med lov og forskrift, og kommunen sine eigne reglement og vedtak. jf. kommunelova §23-2. Ansvaret gjeld økonomiforvaltninga generelt og er eit særskilt ansvar ved sida av ansvaret kontrollutvalet har for rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapkontroll.

Dagens kommunelov stiller ei rekkje nye og grunnleggande krav til økonomiforvaltning og berekraft i kommunane, jf. kommunelova §14-1. Dette krev at økonomisk handleevne må takast vare på over tid, planer for eiga verksemd og økonomi skal vera realistiske, finansielle middel og gjeld skal forvalta utan vesentleg finansiell risiko, og betalingsforpliktingar skal

innfriast ved forfall. Kommunelova legg ansvaret på kommunestyret til å sjå til at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og kommunen sine eigne reglement og vedtak.

Kontrollutvalet sitt ansvar er å uttale seg til kommunestyret *om* årsrekneskapen og årsmeldinga før formannskapet skal gje si innstilling slik at dei kan ta omsyn til uttalen. jf. kommunelova § 14-3. Uttalen skal difor sendast kommunestyret, med kopi til formannskapet.

Kontrollutvalet skal også sjå til at rekneskapsrevisor sine påpekingar etter kommunelova § 24-7 til § 24-9 blir retta eller følgt opp. Dersom påpekingane ikkje blir retta eller følgt opp, skal kontrollutvalet rapportere det til kommunestyret.

Administrasjonen har frist med levering av årsrekneskapen seinast **22. februar** og årsmelding innan **31. mars**. Frist for rekneskapsrevisor til å gje revisjonsmelding til kommunestyret er seinast **15. april** i følgje § 24-8. Sidan denne dato fell på langfredag i påsken i år, har NKRF sendt ut skriv om at dei meiner fristen i år vert fyrste arbeidsdag etter påske **tysdag 19. april**.

Det er opp til kontrollutvalet sjølv å bestemme kva uttalen skal innehalde. Lova eller forskrifta sett ikkje konkrete krav til kva uttalen skal innehalde, utover at den skal knytte seg til forhold i årsrekneskapen eller årsmeldinga og tilhøyrande revisjonsberetning.

Det følgjer imidlertid av lova at kontrollutvalet si uttale skal inngå i grunnlaget for kommunestyret si handsaming av og vedtak om årsrekneskap og årsmelding. Kontrollutvalet si uttaleplikt må ses i ljós av dette, og uttalen skal såleis knytte seg til forhold *ved* årsrekneskapet eller årsmeldingen.

Det primære utgangspunktet for kontrollutvalet sin uttale vil dermed vere dei feil og manglar eller andre forhold som rekneskapsrevisor har tatt opp i tilknytning til rekneskapsrevisjonen, jf. koml. § 24-5 til § 24-8.

Kontrollutvalet har eit ansvar for at det vert ført kontroll med økonomiforvaltninga. Dette kontrollansvaret gjeld økonomiforvaltninga generelt, og går *utover* kontrollen med sjølve rekneskapen og årsmeldinga som regnskapsrevisor har ansvar for. Kontrollutvalet si plikt til å uttale seg om årsreknskapene og årsmeldingane inneber *ikkje* eit krav om at kontrollutvalet skal uttale seg om kommunens økonomiforvaltning generelt, utover det som gjeld forhold *ved* årsrekneskapet eller årsmeldingen.

Det bør framkomme i uttalen om revisor har tatt etterhald eller har merknader i revisjonsberetningen eller har avgitt ein normalberetning. Det bør vurderast om dei formelle krava til årsmelding er følgt, jf. § 14-7 om kva ein årsmelding skal gjere greie for.

Hovudformålet med økonomiforvaltninga etter kommunelova § 14-1 er å ivareta økonomisk handleevne. Kommunestyret skal sjølv vedta finansielle måltall for utviklinga av kommunens økonomi, og vil normalt omtale utviklinga i finansielle måltall i årsmeldinga, jf. kommuneloven § 14-7 punkt a).

Kontrollutvalet kan velje å kommentere utviklinga av måltalla. Det same gjeld kommunens økonomiske situasjon som heilskap, men dette må basere seg på årsmeldinga og må vere ei nøktern vurdering frå kontrollutvalet si side. Det er kommunestyret som har stått for alt låneopptak i ein kommune og kontrollutvalet skal ikkje kritisere slike disposisjonar.

Dersom frist for avgje årsrekneskapen eller årsmeldinga ikkje vert følgt, bør dette vurderast tatt inn i kontrollutvalet si uttale. Det er formannskapet som skal gje innstilling når det gjeld årsrekneskap og årsmelding. Kontrollutvalet kan til dømes ha følgjande avslutning i sin uttale:

Kontrollutvalget er ikke kjent med andre forhold, fremkommet i dialog med revisor, som kunne hatt betydning for utvalgets uttalelse, jf. kommuneloven § 11-2. 5

Kontrollutvalget anbefaler at kommunestyret godkjener årsregnskapet og årsmeldingen.

Grunnlag for kontrollutvalet sin uttale.

Grunnlaget for handsaminga i kontrollutvalet er Bokn kommune sitt avlagde årsrekneskap for 2021 med notar, kommunedirektøren si årsmelding (siste retting 28.04.22), revisjonsmeldinga og årsoppgjersnotat, dagsett 29.04.22.

Årsrekneskapen

Rekneskapen syner eit brutto driftsresultat (tilhøvet mellom driftsutgifter inkl. avskrivingar og driftsinntekter inkl. skatteinntekter og rammeoverføringer) på 4,7 mill. kr.

Lite avviket mellom brutto driftsresultat og revidert budsjett skuldast at driftsinntektene auka 15 mill. kr og driftsutgiftene auka med 15 mill. kr. I 2021 fekk kommunen økt eigedomsskatt og ekstra i rammetilskot knytt til koronapandemien.

Netto driftsresultat for 2021 blei på nær 5,7 mill.kr. Det er 4,6 % av driftsinntektene. Dette er langt betre enn fjoråret som blei på 0,8 %. Årsaken til det gode resultatet er i stor grad kommunen sine frie inntekter i form av skatt- og rammetilskott og eigedomsskatt som i sum er ca. 6,7 mill. kr over budsjett.

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene blir nytta som eit mål på økonomisk handlingsfridom. Teknisk beregningsutval (TBU) anbefaler at denne storleiken over tid bør ligge på minst **1,75 %**. Kommunen sitt snittdriftsresultat for 2021 er med dette øve TBU sitt tilrådde nivå.

Pr 31.12.21 har Bokn kommune ei lånegjeld på 265 mill. kr. Det er mykje gjeld og gjer at kommunen har ei høg lånegradi, men den blei redusert frå i fjor med 17 mill. For å ha ein sunn økonomi har kommunestyret sett som mål at langsiktig gjeld i prosent av driftsinntektene ikkje skal vere høgare 80 % og at lånegjeld som betjenes av frie inntekter ikkje skal overstige 70 %. Langsiktig gjeld utgjør 106,7 % av driftsinntektene per 31.12.2021, over vedtatt måltall på 80 %. Det er likevel betre enn året før da tilsvarande tal var 120,2 %. Lånegjeld som vert betjent av frie inntekter ligg på 78,1 %

Fritt disposisjonsfond utgjer ca. 40,9 mill. kr eller 33,3 % av driftsinntektene. Dette er svært høgt sammenligna med andre kommunar. Fritt investeringsfond utgjer ca. 65,9 mill. kr eller 53,6 % av driftsinntektene. Desse midla er i stor grad øremerka eller til disposisjon for tenesteområda som er avsatt iht. økonomireglement.

Landet generelt

KOSTRA-tala frå SSB viser at kommunane i landet har eit samla netto driftsresultat i snitt på 4,3 % i 2021. Det er ei auke, då snittprosenten i 2020 var på 2,7 %.

Teknisk beregningsutvalg (TBU), kor både Kommunaldepartementet og KS er representert, har definert netto driftsresultat som det viktigaste nøkkeltalet for kommunane sin økonomi og tilrår ei netto driftsresultat på 1,75 prosent av brutto driftinntekter. Årets tal viser at i 2021 var det 251 av 356 kommunar som klarte å innfri denne tilrådinga. Det er 47 fleire enn i 2020. Både KOSTRA-tall og rekneskapsundersøkinga til KS viser at spreiinga i netto driftsresultat er stor i heile landet.

Totalt kunne **302** kommunar notere seg for eit netto driftsresultat betre enn 0 (null) i 2021, noko som er 15 fleire enn året før. I 2020 leverte 65 kommunar negativt netto driftsresultat, dette har i 2021 blitt redusert til **41** kommunar.

Driftsresultata blant kommunane på Haugalandet ligg alle øve tilrådd nivå, med Sauda kommune lågast med 2 % og Suldal kommune med høgast med 18,7 %.

Hovudforklaringa på den store auka i kommunane sine driftsresultat er skatteinngangen. Då skatteanslaga blei lagt hausten 2020, kjente man ikkje effektane av pandemien, og for den kommunale skattøyren blei det også mogeleg å setje opp. Det viser seg nå i etterkant at pandemieffekta på økonomien har blitt mindre enn frykta.

Bokn kommune

Årets resultat på 4,6 % for Bokn kommune er langt betre enn resultatet i fjor (0,8 %), og resultatet er omtrent som landssnittet. Hovudårsaken til den låge prosenten i fjor var rekneskapsteknisk.

Kommunedirektøren forklarar Bokn sin økonomi i 2021 godt og utfyllande i sin årsmelding, som følgjer saka som vedlegg. Kommunedirektøren oppsummerar mellom anna slik:

Det er få ting som ville glede kommunedirektøren meir enn å kunne skrive ei oppsummering av året som gjekk utan å måtte nemne ordet pandemi. I 2020 vart smittevern og beredskap ein del av kvardagen vår og dette fortsette inn i 2021. Kommunane har vore og er framleis heilt sentrale i arbeidet mot pandemien. Sjølv om Bokn kommune fram til desember 2021 hadde lite smitte vart alle påverka av ein situasjon med stadige skifter i nivået på restriksjonar. Tilsette i kommunen har strekt seg langt for å drive skular, barnehagar og helsetenester med raske endringar i smitteverntiltak. Kommunen har hatt eit godt samarbeid med kommunane på Haugalandet og har saman med Tysvær og Sveio hatt felles testsenter i Aksdal.

Rekneskap

Kommunedirektøren legg fram rekneskapen for 2021 i balanse. Etter gamle reglar vart det eit «mindreforbruk» på kr 5,67 millionar, nå avsett til disposisjonsfond.

Måloppnåing

Bokn kommune sitt netto driftsresultat for 2021 er kr. 5,67 millionar som er kr 4,7 millionar høgare enn i 2020. Netto driftsresultat for 2021 er 4,61%. Dette er vesentleg betre enn målsettinga på 1,75%. Kommunen sitt disposisjonsfond inkludert mindreforbruket for 2021 er på 31,5 millionar kroner som er 25,7 % av driftsinntektene. Det finansielle måltalet er 10%. Bokn har i dag for høg gjeld og bør ha som mål å redusere gjeldsgraden vesentleg. Dette vil generelt gi større økonomisk handlingsrom og gi større rom for å kunne dekka ekstraordinære kostnader.

Investeringrekneskapen

Sum utgifter i investeringrekneskapen i 2021 viser 35,4 mill. kr, kor dei samla investeringane utgjer om lag 30,7 mill. kr. Dette var ikkje lagt inn i budsjett ved årets start, medan i revidert budsjett var det planlagt investeringar til 64 mill. kr. I det låg heile utbygginga av både ny skule og vassledning Vatanaland/Jøsang. Det førar til at om lag 34 mill. skal overførast til 2022 for å kunne ferdigstille desse prosjekta. Oversyn over dei største investeringane går fram i årsmeldinga. Rekneskapen er gjort opp i balanse.

Notar

For at rekneskapen skal gje brukarane så god informasjon som mogleg er det viktig at tala i rekneskapen blir supplerte med notar som gjev tydeleg henvisning til kva element i årsrekneskapen dei knyter seg til. Vidare er det i KRS (kommunal rekneskapsstandard) nr 6 lista opp ei rekke notar som bør vere med i rekneskapen. Notane, som er utarbeidde til rekneskapen i år, går fram bak i årsrekneskapen, på sidene 10-17.

Årsmelding/årsberetning

Etter lova skal det leggjast fram ei årsmelding som skal gi opplysningar om tilhøve som ikkje går fram av rekneskapen og som er viktige i vurderinga av kommunen si økonomiske stoda og resultatet av verksemda, samt om andre forhold av vesentleg tyding for kommunen.

Den skal gjere greie for følgjande:

- a) *forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklingen og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid,*
- b) *vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene,*
- c) *virksomhetens måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne,*
- d) *tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard,*
- e) *den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling,*
- f) *hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26.*

Det er krav om at kommunedirektøren skriv noko om kva som er gjort eller om dei planar som er laga innanfor arbeidet med **eigenkontroll** og arbeidet med å heve **etisk standard** i kommunen. Det skal også vere med noko om faktiske tilstand når det gjeld **likestilling** i kommunen.

Årsmeldinga gjer utfyllande opplysningar til det talmateriale som går fram av rekneskapen. Forklaringer på avvik er gjort nærmare greie for i meldinga.

Revisor melder i si revisjonsmelding at årsrekneskapen inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev. Opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Generelt om innhaldet i ei revisormelding

